



# Innst. O. nr. 84

## (2003-2004)

### Innstilling til Odelstinget frå sosalkomiteen

Ot.prp. nr. 69 (2003-2004)

#### **Innstilling frå sosalkomiteen om lov om endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.)**

Til Odelstinget

#### **SAMANDRAG**

Helsedepartementet legg i proposisjonen fram forslag til lov om endringar i spesialisthelsetenestelova § 2-1a på grunn av feil som skjedde ved behandlinga av rusreform II.

Føresegne i spesialisthelsetenestelova § 2-1a første ledd nr. 5 og nr. 6 om ansvaret til dei regionale helseføretaka for å sørge for sjuketransport og transport av behandlingspersonell blei ved ein feil oppheva ved handsaminga av Innst. O. nr. 4 (2003-2004), då det blei vedteke eit nytt punkt nr. 5 i spesialisthelsetenestelova § 2-1a første ledd om ansvaret til dei regionale helseføretaka for å sørge for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk.

Departementet viser til at Stortinget openbart har meint at endringane i spesialisthelsetenestelova § 2-1a første ledd om dei regionale helseføretaka sitt ansvaret for å sørge for sjuketransport og transport av behandlingspersonell skal gjelde. Departementet fremmer no derfor lovendringsforslaget på nytt slik at det kan vedtakast på formelt riktig måte.

Ettersom lovforslaget i proposisjonen berre inneber retting av feil i samband med lovvedtaket av rusreform II, fører forslaget ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar utover dei konsekvensane som det er gjort greie for i Ot.prp. nr. 66 (2002-2003).

#### **MERKNADER FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Britt Hildeng, Asmund Kristoffersen og Gunn Olsen, fra Høyre, Beate Heieren Hundhammer, Bent Høie og Elisabeth Røbekk Nørve, fra Fremskrittspartiet, lederen John I. Alvheim og Harald T. Nesvik, fra Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo og Sigbjørn Molvik, fra Kristelig Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund og Per Steinar Osmundnes, og fra Senterpartiet, Ola D. Gløtvold, viser til at ved en feil under behandlingen av rusreform II, jf. Innst. O. nr. 4 (2003-2004), ble ikke endringsforslagene i forbindelse med denne saka samkjørt med vedtak om ansvaret til de regionale helseforetakene for syketransport og transport av helsepersonell. I proposisjonen fremmes det forslag om å rette opp dette.

## **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.)

I

I lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.) blir det gjort slike endringar:

§ 2-1a første ledd skal lyde:

De regionale helseforetakene skal sørge for at personer med fast bopel eller oppholdssted innen hel-

seregionen tilbys spesialisthelsetjeneste i og utenfor institusjon, herunder

1. sykehustjenester,
2. medisinske laboratorietjenester og radiologiske tjenester,
3. akuttmedisinsk beredskap,
4. medisinsk nødmeldetjeneste, luftambulansetjeneste og ambulansetjeneste med bil og eventuelt med båt,
5. *tverrfaglig* spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk, herunder institusjonsplasser som kan ta imot rusmiddelmisbrukere med hjemmel i sosialtjenesteloven §§ 6-2 til 6-3,
6. *transport til undersøkelse eller behandling i kommune- og spesialisthelsetjenesten og*
7. *transport av behandlingspersonell.*

II

Lova trer i kraft straks.

Oslo, i sosalkomiteen, den 1. juni 2004

**John I. Alvheim**

leiar

**Asmund Kristoffersen**

ordførar